

Hindklev (gnr. 97)

Hinkleiv: Namn som opphavleg kjem av hyrne, hjørne, Hyrnekleiv. Skrivemåten av namnet har vore ustø og er nå historisk lite kjenneleg.

Det eldste vi finn om garden i skrivne kjelder er i eit diplom av 1396. Det fortel m. a. at Siugurder Arneson var i ”Hyrnæcleif er ligger i Aal i sama sokn og hørte at Siugurder Paalsson selde Thorer Ræidarson suå mykit som han atte i Rindædali er ligger i Vingaremi”. I eit anna Fåbergbrev frå 1411 er gardnamnet skrive Hyrnækleif.

Så går det lang tid før vi atter finn garden nemnt i skrift. Det er først i Akershus lensrekneskap for året 1610, men der har namnet den nærpå ukjennelege form Hønkløff. Elles er det opplyst at brukaren på garden da heitte Oluff, og han er ført i gruppa for husmenn, som svara ½ dalar i skatt. Året etter er elles namnet på brukaren skrive Oluff Honnekløff, og han er med blant ”Ødegaardsmendt”. Men i 1630 hadde det vore brukarskifte, og den nye husbonden heitte Johannes og betalde den utlikna skatten med ½ dalar som t. d. Svennd Setter og Joeb Backe.

Ved matrikuleringa av gardane i 1668 hadde det atter vore brukarskifte, og Arne var da vorte brukar på Hundkleff. Han var elles ikkje berre brukar, men og eigar av garden sin. Matrikkelen gir dertil opplysningar om Hinkleiv i den tid: Buskapen der av store husdyr var da 2 hestar og 11 naut, og korntienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 15 tn. det er vidare oppgitt at enga, innmarka var god, at det var skog nok til gards bruk, og at Hinkleiv alt da hadde seter på Nordsetra. Når det er nemnt at det og var ein liten humlehage på garden, tyder det på at det var ein stad der det ofte vanka tilreisande eller gjester som ville ha øl til maten. Matrikkelskylda av garden vart da sett til 1 hud eller 12 skinn eller 2 pund 8 merker smør.

Men i 1684 var husbonden Arne visstnok død, for det var skifte etter han. Ved dette skiftet vart det opplyst at ”Hundklef” framleis var odelsgoods til 12 skinn, og at arveboet omrekna i pengar utgjorde brutto 211 rd. Det går vidare fram at Arne hadde 4 born. Det var: Jens, Syver, Tor og Lisbeth. Samtidig med skiftet fekk så eldste sonen, Jens Arnesen, samsøskenskjøte på 9 skinn gods i ættegarden ”Hundklef i Faaberg”.

Arne Jensen levde enda i 1715. Han let da lesa ”sine medarvingars skjøte på deres andel i grd. Hindkleiv i Faaberg”. Men året etter er det opplyst at Arne Jensen hadde tatt sitt eige liv, og etter norsk lov i den tisd skulle Kongen da ha det halve av dødsbuet.

Etter etter sju år kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er gardnamnet skrive Hundklev, og brukar og eigar av garden var i den tid Christen Bertelsen. Elles er det fortalt at husdyrhaldet på garden da var 2 hestar, 9 naut, 6 sauer og 8 geiter, og at den årlege utsæden av korn var kring 4 tønner bygg. Det er elles oppgitt at garden ligg i sollia, at den er tungbrukt, men jordarten der er god, ”dog noget tørlent”. Det var skog der til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og utslåttar til 1-2 lass høy, så den årlege høyavlinga var kring 20 lass. Endeleg er det og opplyst at Hinkleiv alt da hadde ein husmannsplass med brukande jord.

Christen Bertelsen, som hadde Hinkleiv i 1723, hadde mange born. Dei var Ole, Engebret, Christen, Svend, Beret og Sidsel. Ved eit skifte på ”Hinkleiv i Faaberg” i 1750 går det fram at garden da vart taksert til 200 rd., og at arvebuet utgjorde brutto 325 rd. og netto 239, så den

økonomiske stilling var etter måten god. – Same året, altså i 1750, fekk elles ein ny husbonde, Arne Christensen søskensamskjøte på Hinkleiv av skyld 1 hud for kjøpesum 200 rd. Men året etter gav i 1751 Arne Hinklev skjøte til Ole Christensen på Hinkleiv av skyld 11 skinn for 270 rd.

Samtidig går det fram at det vart gjort ei kontrakt mellom Ole Hinklev og Arne Hinklev om det 12. skinn i garden. Arne tok da over og flytte til Hinkleivstuen av skyld 1 skinn.

Ni år seinare hadde arne Eriksen og kona hans, mari, fått 5 born, og faren, Arne eriksen, let da lyse deres odelsrett til Hinkleiv. Det førde til ei odels sak som i 1769 var fore på fleire tingmøte i Fåberg, og som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Odelssak på Hinchlev.

12. april 1769.

Erich Arnesen Hinchlev lot framlegge utsigelse og stevнемål til Ole Christensen, hvorved citantenakter å innbetale sin odelsjord grd. Hinchlev, hvilket gods hans far Arne Erichsen i hans umyndige år solgte til den nuværende eier Ole Christensen. Efter vidneavhøring begjærte citanten saken utsatt til 12.juni.

12. juni 1769.

Efter kontrapartens forlangende utsattest saken til 18 aug.

18. august 1769.

Efter kontra citantens forlangende og på grunn av hans meddelelse utsattes saken til 30. novb.

30. novb. 1769.

Saken tas opp til domsavsigelse 2. tingdag fk. vårting.

17. febr. 1770.

Avsagt: Citanten Erich Arnesen har bevist at hans Mor Marit Arnesdatter var ekte datter av Arne Jensen som tillikemed sin far Jens Arnesen eiet og brukte grd. Hinklev i over 20 år til Arne Jensens død, 1716. Arne Jensens hustru, citantens mormor Gunnhild Willumsdtr. var inngått i nytt ekteskap med Christen Bertelsen og vedblitt gården til de skiftet den fra sig i 1750. Det var da disput mellem citantens far på hans hustrus vegne og hennes halvbror Ole Christensen, som er kontracitant i denne sak, ang. besiddelsesretten til gården. Tvisten ble avgjort således at Ole Christensen tilstod citantens far Arne Erichsen besiddelsesretten som hans Hustrus forfedres odels. Ole Christensen har ved kontrastevningen påstått at hans far ved sitt ekteskap hadde vunnet ny hevd. Kjennes for rett: Kontracitanten Ole Christensen bør til neste faredag fravike 11 skinds skyld i grd. Hindklev imot løsningspenge 250 rd. Forbedrings- og forringelseserstatning forbeholdes på begge sider- Omk. oppheves.”

Men av ein eller annan grunn vart denne domen ikke fullbyrda, for Ole Christensen hadde Hinkleiv framleis i 1779. Han gav da skjøte til Ole Erlandsen, som var verson hans, med di han var giftmed dottera Marit Olsdtr. Det seier seg elles sjølv at odels saker som den her siterte førde mye vond strid med seg innan slekta.

Av 1783 er ei kontrakt mellom Ole Erlandsen Hinklev og Poul Jonsen Baardseng om oppsetting av eit gjerde ell. ei hagefelle i fjellmarka ell. hamnehagen som tidlegare hadde vore sameige. Hindklev skulle ha hogst og hamning på den nordre sida av gjerdet og Baardseng på den søre sida.

Ein velforma og opplysende formyndardeklarasjon av 1787 har i utskrift denne ordlyden: ”Formynderdeklarasjon dat. og tgl. 11 oktober 1787. Ole Erlandsen Hindklev som form. for myndlingene Christen Olsen, Kirsti og Marit Olsdøtre har mottatt deres arv efter skiftebrevets pass. på Hindklev d. 13. sept. 1785 for hvilken kapital med renter han gir dem sikkerhet i sine faste og løse eiendomme som reskr. av 6. april 1775 påbyr. Likeså er Ole Larsen Buttenberg ved overmeldte skifte anordnet som form. For Sedsel Olsdr. hvis arvemidler han har mottat, og for hvilke han gir den sikkerhet i sit faste gods og løse effekter som reskr. Allernådigst påbyr.” Ole Larsen Buttenberg har vi elles berre her sett nemnt.

Arne Eriksen hadde framleis Hinkleivstugua i 1790. Han gav da skjøte til sonen sin, Erik Arnesen på ”grd. Hindklevstuen, skyld 1 skind for 120 rd.” Samtidig gav og kjøparen Arne Eriksen føderådsbrev til foreldra.

Om taksasjon av Hinkleiv handlar ei sak av 1796, som er ref. slik:

”Hinkleiv i Faaberg.
18. febr. 1796.

Ole Erlandsen Hindklev fremstillet gårdbrukerne Lars Roverud og Lars Suttestad og begjærte deres taksiation over hans gård Hindklev, skyld 11 skind, som han ved obl. av 18.juni f. å. har stillet til sikkerhet for sine barns mødrearv. De fremstilte menn takserte grd. Hindklevs jord og herligheter, uten bygninger til 600 rd.”

Året etter gav i 1797 Ole Erlandsen skjøte til sonen Christen Olsen på grd. Hinkleiv av skyld 11 skinn for 399 rd.

År 1801 kom så påbødet om folketelling, og det budde da 3 familiar på Hinkleiv. Det var: 1. familie: 1. Ole Erlandsen, husbonden, 48 år, 2. Marit Ellefsdr., kona hans, 38 år, 3. Christen Olsem, son deres, 19 år, 4. Marit Olsdr., dotter deres, 21 år, Eli Olsdr., dotter deres, 12 år, 6. Anne, dotter deres, 9 år, Erland, son deres, 6 år, 8. Erich, son deres, 3 år, 9. Ole, son deres, 1 år. 10. Christen Christensen, legdbarn, 13 år. 2. familie: 1. Lars Olsen, husmann med jord, 61 år, 2. Kjersti Olsdr., kona hans, 50 år, 3. Nils Christensen, sledemaker, 27 år, 3. familie: 1. Jacob Erlandsen, husmann med jord, 35 år, 2. Marit Paulsdr., kona hans, 39 år, 3. Erland, son deres, 13 år, 4. Kari, dotter deres, 4 år. Dessutan budde denne familien i Hinkleivstuen: 1. Erich Arnesen, husbonden, 62 år, 2. Ingebor Olsdr., kona hans, 64 år, 3. Eli Erichsdr., dotter deres, 23 år, ugift, 4. Arne Erichsen, far til husbonden, 84 år.

Seks år seinare skjøta i 1807 Erik Arnesen Hinkleivstua til svigerson sin, Nils Christensen, foer kjøpesum 300 rd. + føderåd til svigerforeldra. Samtidig lånte kjøparen 150 rd. av myndlingen Kristen Jonsen Døsen mot pant i Hinkleivstua av skyld 1 skinn. Denne obligasjonen vart elles alt avlyst i 1808, og da var det Lars Seter som hadde heimel på Hinkleivstua.

På Hinkleiv hadde husbonden Ole Erlandsen gitt skjøte til Christen Olsen alt i 1797, men han tok visstnok først over garden i 1822, da foreldra Ole Erlandsen og Marit Ellefsdr. fekk føderådsbrev. – Litt om storleiken på gardanei den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Hinkleiv fortalt at buskapen av store husdyr da var 2-3 hestar og 12 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 50 tn. Samtidig er det oppgitt at for

Hinkleivstua var dei tilsvarande tal: ½ hest (saman med eit anna bruk) Og 4 naut, elles er årsavlinga av korn oppgitt til ca. 10 tn.

Christen Olsen brukte så Hinkleiv til i 1839, da han selde garden til Jens Suttestad. Året før kom elles matrikkelen av 1838, og gardane fekk da ny matrikkelskyld omrekna i skylddalar, ort og skilling. I denne matrikkelen finn ein elles gardnamnet skrive ”Hyndkleiv (Hyrnekleiv)”, og edn nye matrikkelskylda vart sett til 6 skylddalar, 4 ort og 4 skilling. Tilsvarande vart den nye matrikkelskylda på ”Hundkleivstuen” sett til 4 ort 7 skill., og det var da Kristen Nilsen som var brukar der. – Seks år seinare var det i 1844 eit makeskifte mellom Jens Suttestad og Lars Suttestad, og Lars tok da over som eigar og brukar av Hinkleiv.

Plassen Hinkleivkalløkken er omhandla i 1851. Lars Hindklev og enka Berthe Olsdtr. vart da samde om at ho skulle ha rett til å bruke denne plassen til i 1861. – Frå denne tid er også ei tinglyst kvittering som her kan vera av interesse. Brørne Lars Hansen Hindklev og Mons Hansen Suttestad gav da kvittering til mor si, enka Anne Monsdtr. Suttestad, for 700 rd. kvar, og det var mange pengar i dei dagar.

I denne tid er elles husmannsplassen Findsveen under Hinkleiv og omhandla. Lars Hansen Hindklev gav da husmannskontrakt til Peder Pedersen på bruken av denne plassen. – I Hinkleivstuen var Christen Nilsen, som kjøpte garden i 1839, framleis brukar i 1856. Men same året gav han så skjøte til ”Broderen Ole Nilsen af Kongsberg paa denne Eiendom for 500 spd. og føderåd værdsat for 250 spd., tilsm. 750 spd.”

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om Hinkleiv fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 245 mål, og av dette var 88 mål jord av 1. klasse. Vidare er oppgitt at i Hinkleivstuen var dei tilsvarande tal: 74 mål og 31 mål. Samtidig går det og fram at husdyrhaldet her i hinkleivstuen da var 2 hestar, 7 storfe og 10 småfe, medan det på Hinkleiv gard var 4 hestar, 18 storfe og 30 småfe.

Av handlar med desse gardane i den tid tek vi elles med at Ole Nilsen brukte Hinkleivstua til i 1884. Da skjøta han Hindklevstua, Øversveen seter og Menkerudengen til Lars Hansen Hindklev for kjøpesum kr. 1940,- + overtaking av eldre føderåd og føderåd til seljaren verdsett til kr. 500,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Hinkleiv, som namnet der er skrivi, fekk da gardsnr. 97 med samla skyld 16,67 mark, og det var framleis to bruksnummer under gardsnummer 97. Det var: a. Grn. 97, brn. 1 Hinkleiv av skyld 13,55 mark, som Lars Hansen framleis var eigar og brukar av, b. Grn. 97, brn. 2 Stuen av skyld 3,12 mark, som altså også Lars Hansen var eigar og brukar av.

Men i 1887 var Lars Hansen Hindklev død, og skifteforvaltaren i dødbuet hans gav da skjøte til sønene hans, Hans, Børre og Andreas Larssøner på grd. Hinkleiv, Hinkleivstuen, Menkerudengen og Øversveen seter for kjøpesum tilsm. kr. 18000,- + ei føderåd av 5-årleg verdi kr. 2000,-. Dei 3 brørne hadde så Hindklev med tilliggande bruk isaman til i 1890. Da gav Børre og Andreas Larssøner skjøte til broren Hans Larsen Hindklev på dei førnemnde eigedomane for kjøpesum kr. 19000,- og overtaing av føderåd. Lars Hansen hadde så Hinkleiv med dei tilliggande bruk til i 1894. Da delde han Hinkleiv, Hinkleivstua og

Øversveen seter til Johannes jensen Skoug for kr. 32000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 2000,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da også berre 2 bruksnr. under gardsnr. 97, brn. 1 Hinkleiv og brn. 2 Hinkleivstuen, som baa framleis tilhørde Johs. Jensen Skoug. – Ved kommunevalet i 1907 budde det 4 personar med røysterett på Hinkleiv. Det var: 1. Johannes J. Skoug, husbonden, 40 år, 2. Inga E. Skoug f. Homb, 41 år, 3. Hans L. Hinkleiv, føderådsmann, 61 år, 4. Pauline Hinkleiv, kona hans, 42 år. Dessutan var Henrik Hansen enda husmann på Hinkleiv og budde i Finsveen. Han var da 26 år.

Av handlar med Hinklev i seinare tid tek vi elles med at i 1906 vart ein parsell bruksnr. 3 Fjellkvil fråsk ilt og set av Johs. Skoug til John Morten Lahlum, som i 1912 gav skjøte på Fjellkvil vidare til P. T. Helleberg. Vidare kjøpte i 1917 Thv. Roterud parsellen brn. 4 Lysthaug av skyld 0,02 mark, og i 1926 skjøta så Johs. Skoug grd. Hinkleiv med tilliggande bruk til sonen Eivind Skoug.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det da under gardsnr. 97 to bruk med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på kvar seg meir enn 10 mål (da). Det var: a. Grn. 97, brn. 1 Hinkleiv med eit jordbruksareal på ca. 180 mål, som Asta Skoug da var eigar av og Øyvind Skoug var brukar av, b. brn. 4 Finsveen, areal ca. 12 mål, som Petter Ringen var brukar av.